

14/1638

24-February-2014

Lindås kommune  
v/Byggjeetaten

Harald Olsen  
Bruvegen 48  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17.02.2014	
Ark. saknr.	Løsnr.
Saknr.	Tilgjengsel

Knarvik 17.02.2014

**Vedk. avslag på søknad om oppføring av tilbygg Gbnr.188/288, Ytre Gjervik.**

Vi vil med dette brevet benytte vår klagerett på avslaget me fekk i brev av 12.02.2014 på vår søknad om oppføring av tilbygg i Bruvegen 48.

Klagen vår er begrunna med fylgjande moment:

Eg kan ikkje sjå at vår søknad bryt med bygningens eigenart då det allerede er gitt løyve til to bygg som er identiske med vår søknad. Sjå tidigare innsendt teikning av tilbygget.(levert 9.1.2014)

Tilbygget vil ikkje ta utsikten frå nokon av tilstøtande partar og borettslaget har på generalforsamling gitt sit samtykkje med den begrunnelsen at alle som ville setja i gang påbygg må bruka same teikningar og løysingar slik at det etiske vert ivaretatt.

Borettslaget har tidligare sendt inn kollektiv søknad for denne typen utbygg og fått dette innvilga. Sjå vedlagt skriv frå Birte T. Nilsen om saksbehandlinga ved tidligare søknad. Kommunen sin saksbehandlar i denne saka var Lurizen Dahl og borettslaget sin handsamar var Byggmeister Bjørn Rune Kving, og bilde av dei tilbygga som er oppført og viser at desse påbygga er fint tilpassa slik at det etiske er ivaretatt.

Når det gjeld tilbakemeldingar på tidligare korrespondanse kjenner ikkje eg til dette, eg kjøpte dette rekkehuset hausten 2013 og fekk beskjed av selgar at dette utbygget var godkjent noko som også formann i Knatten borettslag bekrefta på lik linje med den eine parten av tidligare utbygg Birte T. Nilsen.

Ut frå nye opplysningar håpar eg at klagen vert tatt til følge og at me får ei positiv tilbakemelding.

Vennlig helsing

Harald Olsen

Vedlegg 1. Skriv frå Birte T.Nilsen

Vedlegg 2. Bilde som viser tilbygga som er oppført.

Lindås Kommune  
v/Byggjeetaten

Knarvik, 13.februar-2014

Birte Therese Nilsen  
Bruvegen 52, 5914 Isdalstø

**Gjeld avslag på søknad om oppføring av tilbygg Gbnr.188/288, Gjervik Ytre**

Eg, Birte Therese Nilsen, vil med dette koma med ei avklarande støtteerklæring i forhold til klage på ovanfor nemnde avslag på oppføring av tilbygg. Viser til hyggeleg tlf.samtale med service innstilt byggjesaksvakt Klementsens.

I Dykkar avslag til Harald Olsen (Gbnr.188/288) står det å lesa at så vidt de kan sjå er det oppført to bygg i Bruvegen 52 og 54, som de ikkje i Dykkar arkiv finn at det er omsøkt og godkjent. Dykkar byggjesaksvakt Klementsens bekrefta å ha sett/lese denne søknaden frå oss, men kor den er arkivert kan eg ikkje seia noko om.

Våren 2010 søkte me i Knatten Burettslag, ved Rune Alver og underteikna, om oppføring av tilbygg på rekkjehusa våre. Det var og lagt ved eit vedtak frå generalforsamlinga vår der det vart bekrefta at det var eit felles ynskje å oppretthalda den arkitektoniske heilskapinga i rekkjene våre. Dette av omsyn til fasaden på rekkjehusa våre. Me ynskjer eit burettslag der alle einingane er likt utforma slik at det estetiske uttrykket vert ivaretatt. Byggmeister Bjørn Rune Kvinge var satt på saka vår og gjorde endringar som innfridde desse behova. Dette gjorde me for å forsikra oss at saka skulle gå rettmessig føre seg. Bjørn Rune Kvinge gjorde ein rimeleg god jobb i forhold til søknaden, og var i møte med Dykkar kollega Larizen Dahl. Saman med Dahl vart konklusjonen at dersom ikkje me hørte noko innan 3 veker så var det berre å setja i gang med bygging av tilbygget. Dette var nemleg Dykkar prosedyre for tilbakemelding til søkjar på slike mindre utbyggingar på det tidspunktet. Noko de sjølv har bekrefta ovanfor oss. Eg er kjend med at denne prosedyren er vorte endra sidan den gongen, men de kan vel umulig vera slik at me skal bli straffa for dette. Me har søkt på vegne av heile burettslaget og det skulle for andre bebuarar, som i etterkant ville byggja ut, berre vera å melde inn ei byggjesak til Dykk. Noko som og vart opplyst om hausten 2013 då Harald Olsen kjøpte leilegheita i Bruvegen 48. Det er difor uforståande for oss at Harald Olsen no får avslag på søknaden sin, og me håpar de tek dette med i betraktning når de no må handsama saka på nytt. Samstundes som me ser at endra prosedyre nok er skulda for denne misforståinga hjå Dykk, og såleis avslag i første runde.

Håpar at denne støtteerklæringa er opp klarande i saka og vil koma Harald Olsen til gode i det han no klagar på avslaget frå Dykk! Reknar med at De ser kva som har skjedd under handsaming av saka og at me i all minnelegheit kan få saka ut av verda, og ta til med bygging også i nr.48.

Håpar på positiv og rask avgjersle!

På førehand, takk for samarbeidet! Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart!

Mvh Birte Therese Nilsen, tlf: 95218356

*Birte Therese Nilsen*

Kopi til:

formann i burettslaget, Finn Øvstegard

